



Ordføraren sitt hjørna – mai 2009

Kommunestyret i mai er avlyst . Det var lite saker denne gongen. I staden for vanleg kommunestyremøte blir det eit orienteringsmøte, der det mellom anna skal vera informasjon frå studieturen til Østerrike. Dette er eit ope møte som alle er velkomne til, og møtet blir i kultursalen. Tilbakemeldingane frå turen er gode. Det var ein nyttig og lærerik tur er det fortalt meg. Kva såg dei, og kva kan me lære? Det får me svar på torsdag 7. mai i kultursalen. Dette skal me kople opp mot kommuneplanarbeidet, så etter orienteringa vil kommunestyret diskutere framdrifta av kommuneplanarbeidet i 2009.

Folketalet i Hemsedal veks jamt og trutt. Ved nyttår var me 1995 hemsedøler. Det er bra aktivitet i bygda, og det er selt mange bustadtomter på Svøo. Eit av dei beste teikn på vekst er at det blir bygd nye hus og leiligheter. Tomtene på Svøo har gått undå så fort at me må regulere nye områder. Ei utviding vidare sørover (aust), er naturleg på fleire måtar. Veg, vatn og kloakk er lagt inn i noverande felt, og ei utviding er derfor ei grei sak når det gjeld infrastruktur. Området vidare skulle også ligge godt til rette for bustadfelt, då det er skog med låg bonitet. Kommunen vil starte forhandlingar om grunnkjøp der med det fyrste.

På Tuv er det kanskje nokre få tomter me kan bygge på vidare sørover for bustadfeltet der. For nokre år sidan fekk me ein flaumrapport frå NVE som sa at heile området sør for noverande bustadar vil bli utsett for det dei kallar ein 200-års flaum, og i så fall kan det ikkje byggjast der. Me har stilt spørsmål ved denne rapporten, og NVE har lova å sjå på den på nytt. Me er lova svar med det fyrste. Eg har tru på at nokre få tomter kan nyttast, men det kan neppe byggjast med kjellar under huset.

På Tuv er også delar av Hustadhagen lagt ut til bustadfelt i kommuneplanen. Eg skreiv for eit års tid sidan at kommunen skulle starte regulering der. Dette har ikkje kome i gang, men det har vore nokre samtaler med grunneigar, og det er gjort ein del vurderingar på løysingar og stipulert veldig grovt kva kostnadene med opparbeiding vil bli. Det vil bli dyre tomter. Området burde vera større slik at infrastrukturen kan delast på fleire tomter. Det er derfor venta med reguleringsplanarbeidet for å prøve å få lagt inn eit større område i kommuneplanen.

For Trøim er området aust og sørover frå Trøim-Sør ei naturleg utviding. Dette må også avklarast i samband med kommuneplanarbeidet. Her har me fått signal om at det må gjerast tiltak på fylkesvegen for å betre situasjonen både for gåande og køyrande. Kommunen har vedtatt ny trase for fylkesvegen slik at den vil få kryss/rundkøyring inn på RV52 vest for Shellstasjonen. Det vil gjera at noverande bru ved Fanitullen kan brukast som gangveg. Denne løysinga håpar me kjem inn i den nye Fylkesvegplanen som skal opp i fylkestinget i år. Dette er viktig for framtid utvikling rundt Trøim og for Hemsedal.

Dette er noko av det me må diskutere på møtet på torsdag, og vidare i kommuneplanarbeidet utover året. Andre stikkord er Røggelia og hyttepolitikk. Det blir mange møter med vegvesen, fylkesmann og fylkeskommune i tida som kjem.

Ynskjer alle ei god 17. maifeiring !
Helsing Oddvar

